


2023 – 2027



Valprogram

Vågå SV



For dei mange
- ikkje for dei få

Innhald

Fellesskapet er limet i gode lokalsamfunn	3
Klima og natur	4
Landbruk	5
Næringsliv for framtida	6
Det nye arbeidslivet	7
Meistring og inkludering	8
Styrk demokratiet	10
Kommuneøkonomi	11
Ein aktiv og sosial bustadpolitikk	12
Kandidatane våre	13
Valliste	15

Felleskapet er limet i gode lokalsamfunn

Noko av det finaste med Norge er sterke fellesskap. Vi har bygd landet vårt på små forskjellar og like rettar. Nå er klimakrisa og forskjellskrisa dei store utfordringane i vår tid. I møte med desse, må vi endre samfunnet vårt i ei meir miljø- og klimavennleg retning. Vi må få ned forskjellane, lyfte folk ut av fattigdom og byggje gode lokalsamfunn.

Når den økonomiske eliten får meir makt og rikdom, forvitrar tilliten og samhaldet. Da får vi eit meir polarisert samfunn, og ein offentlig debatt prega av mistenkeleggjering, framandfrykt og hatefulle ytringar. SV vil ha eit samfunn der alle skal yte etter evne og dei rikaste skal bidra meir. Eit samfunn der alle kan lykkast og ingen vera utskuv.

I møte med krisene, dyrtida og den usikre framtida, må vi utvikle, ikkje avvikle velferdsstaten. Derfor stiller vi til val og håpar på moglegheit til å få gjennomført politikken vår. Med "Frampålag", har vi i den kommunestyreperioden vi snart har lagt bak oss, skapt ein open, demokratisk arena og fått belyst aktuelle saker som er viktige for innbyggjarane. Vi har og fått gjennomslag for mange av våre forslag i kommunestyret. Vi vil halde fram dette arbeidet i komande periode også, dersom folket gir oss tillit.

Svein Holen



15 av listekandidatane våre, med 1. kandidat Svein Holen i midten.

Klima og natur

Verda står overfor ei klimakrise og ei naturkrise. Vågå SV vil jobbe for reduksjon av klimagassutslepp og mot nedbygging av natur. La Vågå bli føregangskommunen i det grønne skiftet!

Vågå SV vil arbeide for:

- at det blir utarbeidd eit kommunalt eller regionalt klimabudsjett
- å auke kommunal kompetanse innan klima og natur
- at det ikkje blir bygd ned meir natur i Vågå
- klimasmart landbruk gjennom tilskotsordningar
- at Jettlie blir ført attende til landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF) i kommuneplanen sin arealdel
- at kommunen viser ansvar og tek klimaomsyn som innkjøpar av varer og tenester, som forvaltar av eigedom og ved utarbeiding av planar.
- at kommunen held fram elektrifisering av eigen bilpark og etablerer hurtigladarar i tettstadane i kommunen
- at andelen verna natur i Vågå blir større og vi bevarer artsmangfaldet
- at Nord-Gudbrandsdal Renovasjonsselskap IKS blir enda betre på kjeldesortering
- ein fortsatt streng handtering av motorferdsel i utmark

Vågå SV var det einaste partiet som stemte mot endringa i arealplanen som opna for hyttebygging i Jettlie. Vågå SV vil framleis arbeide for å stoppe rasering av Jettlie.



Vågå SV foreslo i førre periode å utarbeide eit klimabudsjett for Vågå kommune. Forslaget vart nedstemt med ni mot åtte stemmer.

Landbruk

Lønnsamt, naturvenleg og klimasmart landbruk gjødslar verdiskaping, busetjing og levande kulturlandskap. Internasjonal uro syner kor viktig det er å auke sjølvforsyningsgraden.

Vågå SV vil arbeide for å:

- stoppe nedbygging av matjord og beiteareal
- revidere planverket i Vågå kommune og attendeføre landbruksareal som er avsett til byggeområde
- betre rammevilkåra for landbruket
- framprate betydninga landbruket har for kulturlandskap, naturmangfald, sjølvforsyningsgrad og samfunnstryggleik
- sikre at konsesjonslova blir praktisert strengt
- få Vågå kommune til å bruke rolla som innkjøpar til å kjøpe inn stuttrest og berekraftig mat
- auke sjølvforsyningsgraden, grønsaksproduksjonen og andelen økologisk mat
- legge til rette for at landbruket skal nå sine klimamål
- få ein kunnskapsbasert og føreseieleg forvaltning av rovvilt

SV har nasjonalt vedteke ein opptrappingsplan som gjev bonden same løn som yrkesgrupper det er naturleg å måle seg med. I Vågå er utmarksbeitet berejelken for husdyrhald, og for Vågå SV betyr auka sjølvforsyningsgrad at også andelen dyrefor produsert i Norge må aukast.

Vågå SV foreslo i førre periode at all landbruksverksemd skal betale arbeidskraft minst etter gjeldande tariffavtale. Forslaget vart vedteke.



Vågå SV vil stoppe nedbygging av matjord på Brustugujordet og reversere vedtaket i kommuneplanen sin arealdel. Arealet må førast attende til landbruksformål.

Næringsliv for framtida

Plassert mellom nasjonalparkane, og med eit mangfaldig ressursgrunnlag, har Vågå alle moglegheiter til å kome i førarsetet i utviklinga av eit framtidsretta næringsliv.

Vågå SV vil:

- drive ein aktiv bustadpolitikk, mellom anna for å legge til rette for næringsutvikling
- styrke dialogen og samhandlinga mellom næringslivet og kommunen
- arbeide for gode og konkurransedyktige rammevilkår for næringslivet
- legge til rette for gode næringsareal
- legge spesielt til rette for at lokalt næringsliv kan konkurrere om kontraktar med kommunen
- alltid stille krav om ryddige konkurransevilkår når kommunen går inn i kontraktar
- at kommunen som innkjøpar og eigedomsforvaltar skal vekke klima- og naturomsyn
- arbeide for desentralisering av statlege arbeidsplassar
- støtte initiativ til grønt reiseliv og andre grøne arbeidsplassar
- ta vare på og vidareutvikle det autentiske og kompakte Vågåmo



Det nye arbeidslivet

Eit godt arbeidsliv er eit organisert arbeidsliv der heile og faste stillingar er hovudregelen. Kommunen skal ha ordna arbeidsforhold, godt arbeidsmiljø, og krevje det same av entreprenørar og andre leverandørar av varer og tenester til kommunen.

Vågå SV vil:

Som arbeidsgjevar

- arbeide for heile og faste stillingar
- sikre god kompetanse og bemanning, ha rom for å tilby fagbrev på jobb, og ha plan for etter- og vidareutdanningar
- lytte og ha tillit til dei tilsette
- verne om rettane dei tilsette har til medverknad og til å ytre seg om arbeidssituasjonen
- følgje opp lov- og avtaleverk om likeløn og likestilling
- inkludere og kvalifisere personell som treng eit løft for å kome inn (att) i arbeid
- gje tilbod om heile stillingar til alle fast deltidstilsette i sektoren helse og meistring, der rekrutteringsutfordringane blir store i åra som kjem

Som samfunnsaktør

- gå imot konkurranseutsetting og privatisering av tenester
- stille krav om ryddige arbeidsforhold ved innkjøp og inngåing av kontraktar
- førebyggje sosial dumping, arbeidslivskriminalitet og miljøskadeleg produksjon



Meistring og inkludering

Barn og oppvekst

Ein trygg barnehage- og skulekvardag er fundamentet for meistring og god læring. Alle elevar skal ha same moglegheit og likeverdige tilbod uavhengig av økonomi, etnisitet og religion. Vi treng nok bemanning, tidleg innsats og variert skuledag. Førebygging løner seg!

Vågå SV vil:

- styrke det psykiske helsetilbodet til barn og unge, m.a. ved å styrke skulehelsetenesta
- ha ein debatt om heimearbeid og leksehjelp i skulen
- arbeide for at alle ungar skal lykkast i skule og lokalsamfunn
- prioritere å få inn fleire yrkesgrupper der barn og unge ferdast, både i skule og fritid
- prioritere kulturskulen, og aktivt arbeide for ordningar og praksis som gjer at kulturskulen femnar om enda fleire barn
- arbeide for at regionen skal stå saman om å sikre elevane eit breiast mogleg studietilbod i vidaregåande skule
- styrke lærlingordninga, både i den kommunale organisasjonen og i andre verksemdar

Vågå SV foreslo i førre periode ei styrking av helsestasjonen og skulehelsetenesta. Vi vart nedstemt 15 mot 2.

Helse- og velferdstilbod

Helse-, velferds- og omsorgstenestene skal vera individuelt tilpassa og lett tilgjengelege. Vi må sikre lokale tilbod og oppsøkjande tenester i ein kommune som Vågå, med store avstandar og spreidd busetnad.

Vågå SV vil:

- styrke helsefremmande og førebyggjande arbeid i alle aldersgrupper
- ta initiativ til samarbeid om sjukeheimplassar i regionen, for å få breiare tilbod og høgare kompetanse
- auke sosialhjelpsatsen for familiar som fell utanom trygdeordningar
- ha målretta tiltak overfor låginntektsfamiliar, og sikre ferietilbod til barn i grunnskulealder, i samarbeid med frivillige og ideelle organisasjonar
- sikre og utvikle det regionale helsesamarbeidet, som er forankra i Nord-Gudbrandsdal Lokalmedisinske senter (NGLMS), og samarbeidet med spesialisthelsetenestene
- fortsette å jobbe for auka gjeldsrådgjevarressurs i NAV

Vågå SV vil ha universelt utforma gangveg langs Ottaelva frå Vanglandet, opp langs Finna og med bru over til bustad- og næringsområdet på andre sida.

Kultur

Kunst og kultur utviklar sosiale fellesskap, debatt og kunnskap. Vagverane skal ha tilgang til kunst og kultur av høg kvalitet.

Vågå SV vil

- arbeide for å sikre innbyggjarane eit breitt kulturtilbod
- prioritere tilskot til lag og organisasjonar, særleg der aktivitetane er retta inn mot barn og unge og andre grupper i befolkninga som treng tilrettelagte aktivitetstiltak
- prioritere satsing på folkebiblioteket som arena for kunnskap, debatt og kulturopplevingar
- sikre drifta av frivilligsentralen som møteplass, utvikle tilbodet der og ta vare på dei frivillige
- arbeide for bruk av nynorsk i all offentleg kommunikasjon
- bidra til å skape liv og samlingspunkt i dei nedlagte grendeskulane i samarbeid med det frivillige kulturlivet og ideelle organisasjonar



Styrk demokratiet

Vågå SV vil vidareutvikle folkestyret og sikre større deltaking. Vi vil gje fleire moglegheit til å engasjere seg og påverke i saker som skal til politisk behandling. I eit likestilt lokaldemokrati, er det like naturleg å sjå kvinner som menn i maktposisjonar, og balansert kjønnsfordeling i kommunestyret og politiske utval.

Vågå SV vil:

- arbeide for at alle skal kjenne seg inkluderte. Utanforskap kostar både enkeltindivid og samfunn dyrt
- halde fram med å arrangere opne møte, for å spre kunnskap og skape arenaer for meningsfylte diskusjonar om aktuelle tema
- på nytt fremje forslag i kommunestyret om at ungdomsrådet og råd for eldre og funksjonshemma skal få tilbod om fast taletid i politiske organ
- opptre i politiske prosessar og diskusjonar på ein respektfull måte. Vi vil aktivt arbeide mot hets, latterleggjering og hatefulle ytringar

Vågå SV hadde i førre periode fleire opne møte om viktige politiske saker, blant anna om etablering av datasenter på Lalm og hyttefelt i Jettleie.




Kommuneøkonomi

Vågå kommune har god økonomistyring og eit brukbart handlingsrom. Store investeringar og uavklarte kostnader knytt til flaumsikring av sentrum utfordrar likevel det økonomiske bildet i åra som kjem.

Vågå SV vil:

- trygge arbeidsplassane ved å føre ein ansvarleg økonomisk politikk
- vurdere nøye alle investeringsprosjekt opp mot kommunen sin evne til å bera lånegjelda
- arbeide for at den kommunale bygnings- og eigedomsmassen får tilstrekkeleg med økonomiske ressursar til vedlikehald og reovering
- arbeide mot privatisering av kommunale tenester



Ein aktiv og sosial bustadpolitikk

Vågå SV meiner at kommunen saman med Husbanken må ta ansvar for å sikre tilstrekkeleg bustadbygging, både for salg og utleige. Samtidig må kommunen føre ein aktivt sosial bustadpolitikk, som bidreg til at fleire kan få skaffe seg eigen bustad.

Vågå SV vil:

- sikre tilstrekkeleg areal for bustadbygging, men samtidig ta vare på matjord
- opprette fond for tilskotsordning til personar under 35 år, som bygger eller kjøper heilårsbustad til eige bruk i Vågå kommune



Kandidatane våre



1. kandidat Svein Holen

Eg vil gjerne bidra til å gjera kvardagen betre for alle som bur i kommunen vår. Eg har tru på at samhaldet og fellesskapet vårt vil finne gode løysingar, også for dei som ikkje har så sterke nettverk eller store økonomiske ressursar.

Eg vil at kommunen skal vera ein ryddig og god arbeidsgjevar, og at frivillige skal få sleppe til og vera gode supplement til dei kommunale tenestene. Eg ynskjer også at vi skal bli flinkare til å ta vare på matjorda og naturen vår. Og eg brenn spesielt for at ungene våre skal ha trygge og gode oppvekstvilkår og kjenne at dei høyrer til i bygda vår.



2. kandidat Anne Silje Berg

Det eg spesielt ønskjer å ta med meg inn i kommunepolitikken er eit engasjement for natur og klima, tettstadutvikling og gode bumiljø. Omgjevnadane våre, både dei vi har tett på oss og dei som lagar dei store romma rundt oss, har så mykje å seie for oss, kanskje meir enn vi ofte tenkjer over. Eg meiner at nettopp vi, dagens vaksne, har eit ansvar for å ikkje øydeleggje natur eller forsterke klimaendringane — det ansvaret må vi ta på vegne av dei som er unge i dag. Vi må tørre å stille spørsmål, og tørre å tenkje langsiktig og større enn oss sjølve..



3. kandidat Ola Iver Røe

Eg brenn for gode demokratiske prosessar der folk er trygge på at deira meining har betydning. Den aukande ulikskapen mellom fattig og rik kan øydelegge dette, og må kjempast mot. Så er det å legge til rette for at landbruket kan produsere god, norsk, sunn mat som er berekraftig og rettferdig. Vågåmo sentrum er ekte og kompakt med småbutikkar og anna, og slik bør det framleis vera. Til slutt er sjølvsagt klima og naturkrisa. Vi må få slutt på nedbygging av natur, og vi må redusere klimagassutsleppa våre.



4. kandidat Liv Skogstad Mikalsen

Frå sidelinja er det ikkje mykje ein kan få til, men saman kan vi endre situasjonen for dei som slit i dagens samfunn. Ein skulekvardag og ei fritid kor alle er inkludert, eit arbeidsliv kor vi får gjere vårt beste etter evnene våre, og eit berekraftig landbruk som styrkar distrikts-Noreg.

Levande bygder og grender gjev bulyst. Dette krev økonomisk utjamning og auka støtte til distriktskommunane.

Arbeider vi saman gjennom utfordringane, kan vi vere med på å styrke demokratiet.



5. kandidat Jakob Sagsletten

Eg står på lista til Vågå SV fordi eg meiner at vi har gode tankar og idear som kan gjere lokalsamfunnet betre. For meg er SV det alternativet som best varetek hjertesakene mine: natur og miljø, skule og oppvekst og styrking av demokratiet.

Vi er opptekne av at alle barn og unge skal ha like moglegheiter til å delta på ulike fritidsaktivitetar. Dette vil gje gode opplevingar for barn og unge og fremjar inkludering. Vågå SV er ei viktig stemme for å hindre nedbygging av natur, og øydelegging av dei fine naturressursane vi alle deler. Gjennom opne møter og dialog kan vi inkludere fleire i lokalpolitikken, og styrke demokratiet i Vågå.

Eg trur Vågå blir ein betre plass med SV på laget!

Vågå SV

Valliste

Nr.	Navn	Fødselsår
1	Svein Holen	1957
2	Anne Silje Berg	1981
3	Ola Iver Røe	1979
4	Liv Skogstad Mikalsen	1973
5	Jakob Sagsletten	1983
6	Torunn Elise Kveen	1977
7	Terje Kleiven	1950
8	Åse Kari Kobbersletten	1970
9	Nina Andby	1957
10	Øyvind Seppola	1989
11	Linda Aaboen	1974
12	Thea Grobstok Dalen	1984
13	Gunnar Frydenlund	1959
14	Tora Sandbu	1976
15	Kari Fortun	1962
16	Ivar Schjølberg	1940
17	Bjørg Schultz	1955
18	Eldbjørg Kalbakk	1949
19	Svein Vole	1950
20	Lisbeth Øygarden	1956
21	Asle Heggheim	1954



Ei stemme til Vágá SV er ei stemme til

- talspersonar for dei som treng det mest
- sterke fellesskap og små forskjellar
- å ta vare på urørt natur og redusere klimautslepp
- heile og faste stillingar, og stor nok grunnbemanning i dei kommunale tenestene
- å vidareutvikle folkestyret og styrke demokratiet

